

Kjartan Medaas

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7024 - 22/76520

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
06.10.2022

## Løyve etter jordlova til å dele frå 0,92 daa frå gbnr. 212/5 for arealoverføring til gbnr. 212/122.

Administrativt vedtak: Saknr: 1098/22

### VEDTAK:

Med heimel i jordlova § 12 jf. § 1 gjev Alver kommune Magnar Eikanger løyve til å dele frå om lag 920 m<sup>2</sup> som omsøkt. Arealet skal overførast til gnr. 212, bnr. 122.

### Vilkår:

- Vedtaket er ikkje gyldig før det ligg føre positivt vedtak etter plan- og bygningslova.
- Gnr. 212, bnr. 5 skal framleis ha vegrett over arealet.
- Arealoverføringa må vere gjennomført innan 15.11.2025 elles fell løyvet bort.

### Saka gjeld

Heimelshavar av gnr. 212, bnr. 5 Magnar Eikanger søkjer Alver kommune om dispensasjon frå arealformål LNF (landbruk, natur og friområde) i kommuneplanen. Det er søkt om å få dele frå om lag 920m<sup>2</sup> (seinare kalla arealet) frå bnr. 5. Føremålet med delinga er å føre over arealet til bnr. 122.

I samband med handsaming etter plan- og bygningslova (seinare kalla pbl) lyt det òg gjevast løyve etter jordlova § 12 – delingsparagrafen. Dette fordi bnr. 5 er ein landbrukseigedom. Kommunen gjer merksam på at uavhengig av vedtaket etter jordlova, skal det gjerast eit eige vedtak etter pbl som vil kome om litt. Om vedtaket etter pbl også er positivt, kan frådelling gjennomførast – sjå elles vilkår i vedtaket.

### VURDERING:

Gnr. 212 har fylgjande areal jf. [www.gardskart.nibio.no](http://www.gardskart.nibio.no)

Fulldyrka jord	3,6 daa
Overflatedyrka jord	6,5 daa
Innmarksbeite	31,9 daa

Produktivt skogareal	189,6 daa
Anna markslag	41,2 daa
Bebyggd, samf. vatn bre	9,2 daa
<u>Til saman:</u>	<u>282,0 daa</u>

Planstatus: Arealet som er søkt delt i frå bnr. 5 er i gardskartet registert som bebyggd, samf. etc.



Utforminga av parsellen er tenkt om lag slik som skissert i fig. 1. til venstre. Delar av arealet tener i dag som tilkomst til bnr. 122 som skal overta arealet. Vidare tener arealet som tilkomst til eigedomane gnr. 212, bnr. 25, 39 og 123.

Delar av arealet elles er i privat regi opparbeid til p-plass/oppstillingsplass for campingvogn. Resten av arealet som ligg mot nordvest på arealet, er bratt og må kunne kallast «skrot-mark» i landbruksamanheng. Fig. 2 gjev oversyn over plasseringa av arealet i høve tunet på garden, jordbruksarealet og korleis eigedomsgrensene er utforma kring arealet.

Fig. 1. Skissert utforming av parsellen.




Fig. 2. Oversyn over eigedomsgrensa til bnr. 5 og plassering i høve tunet på garden (raud runding).

Arealet ligg som ein «utstikkar» i høve resten av eigedomen og er slik lite tenleg for denne. Det er ikkje jordbruksareal på arealet og vegen har etter vårt syn avgrensa verdi for bruket. Det er likevel vere tenleg at bnr. 5 held att vegrett over arealet. Dette sjølv om bnr. 5 har tilkomst til skogteig og beitet frå tunet i retning aust nordaust på eigedomen (forbi bnr. 25). Argumentet for å overføre vegen med kringliggjande areal, er at det vil vere lettare å få dei andre oppsitjarane som vegen soknar til, til å ta del i vedlikehaldet av vegen. Arealet ligg naturleg «skilt» også frå tunet på garden som har eigen vegtilkomst gjennom tunet og vidare oppover eigedomen mot bnr. 25.

Konklusjon: Alver kommune ser ikkje at landbruksinteressene vil verte negativt råka i nemneverdig grad om arealet vert overført til bnr. 122.

### Regelverk

Jordlova

Rundskriv M-2/2021 Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova.

Forvaltningslova

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Karen Anita Kvestad  
Kjartan Medaas  
Magnar Eikanger

Mykingvegen 109

5913

Eikangervåg

Mykingvegen 97

5913

Eikangervåg